

Prosjekt *Karriere Sogn og Fjordane 01.08.08 – 31.07.11*

Med prosjekt "Karriere Sogn og Fjordane" ønskjer me å sjå på karriererettleiing i eit livslangt perspektiv og fokusera på mulegheitene for enkeltmenneske og arbeidsliv i heile fylket. Ved å styrka samarbeidet i alle og mellom regionane, og kompetanseheving innan karriererettleiing, kan me betra samordninga av yrkes- og utdanningsretteiing for ungdom og vaksne.

Heilskapleg karriererettleiing skal medverka til å gjera sikrare val, redusera avbrot og leggja til rette for å realisera eigne evner. Det er viktig at det er samsvar mellom den enkelte sine val av utdanning og samfunnet sine behov for kompetanse. Det kan me kvalitetssikra ved å utvikle systematisk samarbeid og nytta eksisterande ressursar, nettverk og kompetanse gjennom forpliktande partnarskap mellom kommunane, fylkeskommunen, NAV, KS, NHO, LO og høgskulesystemet.

Målsettinga er å utvikla ein modell som sikrar heilskap og samanheng i karriererettleiinga i Sogn og Fjordane, både på individ-, gruppe- og systemnivå.

For å lukkast med dette er det fleire viktige spørsmål me må ha svar på, og problemstillingar som må avklarast. Involverte partar må ha klare felles mål, partnarskapen må vera klart definert og ein må ha eit enkelt system for evaluering. Mykje bra arbeid er gjort i fylket, og det er ei spennande oppgåve å samordna og utvikla dette arbeidet slik at partnarskaps -modellen vert vellykka i forhold til å styrka koordinering og profesjonalisering av rettleiartenesta.

Rammeplanen for karriererettleiing er laga som eit verktøy for å få ei oversikt over kva område og tiltak me har fokus på innan karriererettleiing i regionane, mellom regionane og i heile fylket. Det er viktig at "heile skulen" og partnarskapen bidreg positivt til at karriererettleiing i eit livslangt perspektiv utviklar seg frå spreidd informasjon til eit reelt forpliktande samarbeid. Planen skal evaluerast etter eitt år. Fram til da ønskjer eg alle som arbeider med karriererettleiing lukke til med arbeidet!

Ei spesiell takk til arbeidsutvalet i Nordfjord som har gjort eit godt arbeid med *Rammeplan for karriererettleiing* og "*Presentasjonsmappa mi*" frå ungdomsskulen.

Sonja S. Hestetun
Prosjektleder Karriere Sogn og Fjordane
Juni 2010

INNHALD

	side
1.0 Innleiing	4
1.1 Karriere Sogn og Fjordane	4
1.1.1 Mandatet til Karriere Sogn og Fjordane	4
1.1.2 Arbeidsutvalet	4
1.1.3 Arbeidsmøte	4
1.1.4 Mandat for region Nordfjord	4
1.1.5 Erfaring med rammeplanen	4
1.2 Karriererettleiing – definisjon	4
2.0 Forankring og målsetjing	5
2.1 Forankring	5
2.2 Målsetjing	5
2.2.1 Målsetjing for skuleåret 2010/2011	5
2.2.2 Målsetjing på lengre sikt	5
3.0 Karriereplakaten	6
4.0 Fordeling av ansvar og oppgaver	7
4.1 Rektor	7
4.1.1 Rektorane ved ungdomsskulane..	7
4.1.2 Rektorane ved dei vidaregåande skulane	7
4.2 Rådgjevar	7
4.2.1 Rådgjevar i ungdomstrinnet....	7
4.2.2 Rådgjevar i vidaregåande..	7
4.2 Kontaktlærar	7
4.3.1 Kontaktlærar i ungdomstrinnet..	7
4.3.2 Kontaktlærar i vidaregåande..	8
4.3 Faglærar er ein viktig ressurs	8
5.0 Auka kunnskap	9
6.0 Karriererettleiing i grunnopplæringa	10
6.1 Karriererettleiing på ungdomstrinnet	10
6.2 Karriererettleiing i vgs	11
6.2.1 Aktivitet og samarbeid	11
7.0 Mapper	12
7.1 Karrieremappe	12
7.2 Presentasjonsmappe	12

8.0 Nyttige hjelpemiddel	13
8.1 <i>Framtida mi</i>	13
8.2 Digitale verktøy	13
8.3 Handbok for karrieresamtalen	13
8.4 REAL	13
8.5 Interesse- og ferdighetstestar	
8.5.1 Skoletest.no	13
8.5.2 Vilbli.no	13
8.5.3 NAV Interesstest	14
8.5.4 NAV Vegval	14
9.0 Samarbeid og nettverk	15
9.1. Samarbeidspartar	15
9.1.1 Lokalt arbeidsliv	15
9.1.2 Ungt entreprenørskap/ NHO	15
9.1.3 Opplæringskontor , opplæringskontor og bedrifter i fylket	16
9.1.4 Fagopplæring	16
9.1.5 Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT)	18
9.1.6 Oppfølgingstenesta (OT)	18
9.2 Nettverk	19
9.2.1 Rådgjevarenettverket	19
9.2.2 Vg3 nettverk	19
9.2.3 Nettverk for overgang vg2 og vg3 YF	19
10.0 Yrkes- og utdanningsinformasjon på nett	20
11.0 Årsplanar	20
Årsplan for karriererettleiing 8. trinn	21
Årsplan for karriererettleiing 9. trinn	22
Årsplan for karriererettleiing 10. trinn	23
Årsplan for karriererettleiing for Vg1 – yrkesfag utdanningsprogram	24
Årsplan for karriererettleiing for Vg2 – yrkesfag utdanningsprogram	25
Årsplan for karriererettleiing for Vg3 – yrkesfag utdanningsprogram	26
Årsplan for karriererettleiing for Vg1 – studieførebuande utdanningsprog.	27
Årsplan for karriererettleiing for Vg2 – studieførebuande utdanningsprog.	28
Årsplan for karriererettleiing for Vg3 – studieførebuande utdanningsprog.	29

Vedlegg: "Presentasjonsmappa mi"

1.0 Innleiing

1.1 Karriere Sogn og Fjordane:

Karriere Sogn og Fjordane er ein forpliktande partnerskap mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane, KS, NAV, NHO, Høgskulen i Sogn og Fjordane og LO innan karriererettleiing i Sogn og Fjordane

1.1.1 Mandatet til Karriere Sogn og Fjordane:

Mandatet til karriere Sogn og Fjordane er å utvikle ein modell som sikrar heilskap og samanheng i karriererettleiinga, både på individ-, gruppe- og systemnivå.

1.1.2 Arbeidsutvalet:

Arbeidsutvalet for Karriere Sogn og Fjordane region Nordfjord er sett saman slik: Britt Lyslo Bøe (rådgjevar ungd.trinnet), Johanne Elisabett SørDAL (arbeidslivskontakt, vgs), Lillian Moss (rådgjevar vgs), Trude Sefland Heggen (NAV) og Magnar Aase (koordinator for region Nordfjord).

1.1.3 Arbeidsmøte med rammeplan og presentasjonsmapper:

I arbeidet med rammeplan og presentasjonsmappe har vi knytt til oss ressurspersonane Kjell Meland (yrkesfag utd.), Anders Bruvoll (studieførebuande utd), Jon Are Steen (ungdomstrinnet) og Edvard Nordang (ungdomstrinnet).

1.1.4 Mandat for Karriere Sogn og Fjordane, region Nordfjord:

- styrkje arbeidet med karriererettleiing i grunnopplæringa gjennom kompetanseutvikling, betre koordinering og planlagde tiltak
- sikre meir heilskapleg karriererettleiing i regionen med fokus på faget Utdanningsval og overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande opplæring
- lage felles plan for karriererettleiing, frå 8.klassetrinn t.o.m. Vg2/3 i vidaregåande
- samordne tiltak og gje retning for korleis rådgjeving/rettleiing skal utøvast og kvalitetssikrast
- vera med å utvikle arbeidet med "Individuell karriereplan frå 8.klasse → vgs → utdanning og yrke"
- arbeide med å styrkje eleven sine val, sikre at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring og bidra til å redusere feilval, omval og fråfall i opplæringa

1.1.5 Erfaring med rammeplanen:

For skuleåret 2010/2011 vert denne planen prøvd ut i region Nordfjord, for å hauste erfaringar. Målet er at Sogn og Fjordane skal ha same rammeverk for alle ungdomar/skular.

1.2 Karriererettleiing – definisjon

- Karriererettleiing er rådgjeving om yrkes-, studie- og utdanningsval
- Ordet karriere kjem frå det latinske ordet "carrus" som tyder kjerre. I overført tyding: løpebane eller rideveg, noko ein tek med seg gjennom livet
- Faglitteraturen brukar uttrykket "karriere" verdinøytralt om vegen igjennom arbeidslivet, uavhengig av om karrieren kan seiast å vere sosialt stigande

2.0 Forankring og målsetting

2.1 Forankring:

Planen er forankra i nasjonale lover/forskrifter og tidlegare relevante interkommunale prosjekt i regionen og fylkeskommunen sitt handlingsprogram "Mål og strategiar"

- **Opplæringslova § 9-2**, "Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål."
- **Forskrift til opplæringslova § 22-3** " Utdannings- og yrkesrådgiving skal vere eit samarbeid mellom ulike personar og instansar på skulen, og skulen skal så langt det er mogleg og føremålstenleg, trekkje inn eksterne samarbeidspartnarar for å gje elevane best mogleg informasjon og tilbod om rådgiving om yrkes- og utdanningsval. Aktuelle samarbeidspartar er til dømes andre utdanningsnivå, lokalt næringsliv, partnerskap for karriererettleiing og heimen."
- **Kunnskapsløftet**
- **Stortingsmelding nr.44 "Utdanningslinja"**
- **Stortingsmelding nr.16 "Og ingen sto igjen...."**
- **Læreplan i faget Utdanningsval**
- **Læreplan i faget prosjekt til fordjuping**
- **Rett utdanningsval i Nordfjord (prosjekt)**
- **Mappe som møteplass (prosjekt)**
- **Handlingsprogram "Mål og strategiar" Vgo 2008-2011. Rom for alle-syn for den einkilde**

Karriererettleiing skal vere forankra i skulane sine planar og målsetjingar.

2.2 Målsetjing :

Med bakgrunn i forankring (side 4) og mandat/arbeidsoppgåver for Karriere Sogn og Fjordane (side 3) har vi sett det som tenleg å utvikle eit overordna rammeverk for karriererettleiinga. Kvar einskild skule utformar sine lokale planar med utgangspunkt i denne planen. Planen skal sikre at ungdom/elevlar i fylket får same høve til karriererettleiing, sikre at ungdom/elevlar tek kunnskapsbaserte val og knyter grunnskule og vidaregåande opplæring betre saman.

2.2.1 Målsetjing for skuleåret 2010/2011:

- alle elevlar frå Nordfjordregionen har med ei presentasjonsmappe (vedlegg) frå ungdomstrinnet til vidaregåande skule eller Oppfølgingstenesta
- det vert gjennomført mottakssamtale for alle elevlar på vg1
- det vert utarbeidd lokale planar/årshjul for karriererettleiinga

2.2.2 Målsetjing på lengre sikt:

- det skal gjennomførast mottaks-karrieresamtale på dei ulike trinna frå 8. trinn til og med vg3

- eleven skal ha si eiga karrieremappe, med oppstart på 8.trinn og som følger han/ho til avslutta vgo

3.0 Karriereplakaten:

Karriererettleiing:

- * **Er heile skulen sitt ansvar.**
- * **Skal vere nedfelt i skulen sine planar.**
- * **Skal vere ei samanhengande kjede av tiltak gjennom heile det 13-årige opplæringsløpet.**
- * **Skal dokumenterast gjennom bruk av karrieremappa.**
- * **Skal sikre eleven sin kompetanse i å ta val.**
- * **Bør inkludere entreprenørskap.**
- * **Må skje i samspel/partnarskap med skulen/eleven sitt nettverk med arbeidslivet.**
- * **Må skje i samspel med føresette.**

4.0 Fordeling av ansvar og oppgaver

Karriererettleiing er heile skulen sitt ansvar, jf forankring side 4. Med bakgrunn i rammeplanen pliktar kvar skule å utarbeide sin eigen årsplan for karriererettleiing. Rolle- og ansvarsavklaring må inngå i planen.

4.1 Rektor

4.1.1 Rektorane ved ungdomsskulane har ansvar for at:

- karriererettleiing vert systematisert, kjent og innarbeidd i skulen sine planar
- føresette får informasjon om skulen sine planar for karriererettleiinga
- eleven ferdigstiller presentasjonsmappa
- handbok for karrieresamtale er tilgjengeleg/gjort kjent for rådgjevar og kontaktlærer

4.1.2 Rektorane ved dei vidaregåande skulane har ansvaret for at:

- karriererettleiing vert systematisert, kjent og innarbeidd i skulen sine planar
- føresette får informasjon om skulen sine planar for karriererettleiinga
- mottakssamtalen vert gjennomført med alle elevar på VG1 i løpet av august månad med utgangspunkt i eleven si presentasjonsmappe
- handbok for karrieresamtale er tilgjengeleg/gjort kjent for rådgjevar og kontaktlærer

4.2 Rådgjevar

4.2.1 Rådgjevar på ungdomstrinnet :

- samarbeider med kontaktlærer om karriererettleiing/-val
- samarbeider med faglærer som underviser i faget utdanningsval
- samarbeider med vidaregåande skular
- samarbeider med faglærer/kontaktlærer i arbeidet med ferdigstilling av presentasjonsmappa
- samarbeider med arbeidslivet
- samarbeider med NAV

4.2.2 Rådgjevar i vidaregåande skule:

- samarbeider med kontaktlærer / faglærer om karriererettleiing
- samarbeider med rådgjevarar i regionen, opplæringsavdelinga, NAV,OT, PPT og arbeidslivskontakt
- samarbeider med avgjevarskule og høgskule/universitet

4.3 Kontaktlærer

4.3.1 Kontaktlærer på ungdomstrinnet:

- samarbeider med rådgjevar/faglærer i planlegging av karriererettleiinga
- samarbeider med rådgjevar/faglærer om karriererettleiing/val
- innarbeide moment om karriere i elevsamtalen

4.3.2 Kontaktlærer i vidaregåande skule:

- gjennomfører mottakssamtale
- samarbeider med rådgjevar/faglærer i planlegging av karriererettleiinga
- samarbeider med rådgjevar/faglærer om karriererettleiing/-val
- innarbeide moment om karriere i elevsamtalen

4.4 Faglærer i vidaregåande skule

- er med på å orientere om fag og fagkombinasjonar i eigen fagkrets og mogelege utdanningsvegar og yrke desse opnar for
- er med på å planlegge og gjennomføre ekskursjonar som gir elevane grundigare innsikt om vidare utdanning og arbeid
- faglærer i prosjekt til fordjuping har særleg ansvar for å leggje til rette for at eleven får gjere seg kjend med og prøve ut arbeidsoppgåver som karakteriserer dei ulike yrka

5.0 Auka kunnskap

Utdrag frå ” Kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane”:

5.1 Kompetansehevingstiltak som del av prosjekt ”Karriere Sogn og Fjordane”

I samband med prosjekt ”Karriere Sogn og Fjordane” er det behov for ei rekkje kompetansehevingstiltak. Her har vi eigne statlege midlar til disposisjon. Link: [Kompetanseutviklingsplanen for 2010](#)

5.1.1 Karrieresamtale/rettleiing

Det er behov for felles etterutdanningstiltak i karrieresamtale/rettleiing felles for grunnskule og vidaregåande opplæring, for å styrkje samarbeidet mellom grunnskule og vidaregåande skule. Fylkesdirektøren tek sikte på å arrangere regionvise dagseminar for kontaktlærarar i grunnskule og vidaregåande skule.

5.1.2 Kompetanseheving for rådgjevarar

For å styrkje rådgjevarane sin kompetanse innanfor ulike studieprogram ynskjer fylkesdirektøren å arrangere informasjonssamlingar over fleire dagar for rådgjevarar i både grunnskule og vidaregåande opplæring. På desse samlingane vil rådgjevarane få høve til å fordjupe seg i ei eller fleire næringar gjennom mellom anna bedriftsbesøk.

5.1.3 Etter- og vidareutdanning i karriererettleiing

For å styrkje kontaktlærarane si rolle med omsyn til karriererettleiing vart det i 2009 sett i verk eit desentralisert etter- og vidareutdanningstilbod i karriererettleiing i Årdal. Dette er eit fellestilbod for kontaktlærarar og rådgjevarar i grunnskule og vidaregåande skule. Fylkesdirektøren ynskjer å utvide dette tilbodet til fleire regionar. Oppstart januar 2011.

Tiltak i tillegg til føregåande:

5.2 Kompetanseheving gjennom samarbeid:

- Faglærer, kontaktlærer, arbeidslivskontakt og rådgjevar samarbeider om karriererettleiinga
- Samarbeid mellom NAV, rådgjevarar i regionen, PPT og opplæringsavdelinga

5.3 Kortkurs for faglærarar/kontaktlærarar på ungdomstrinnet:

Presentasjon av utdanningsprogram i vgs, slik at dei vert meir kjend med programma.

6.0 Karriererettleiing i grunnopplæringa

6.1 Karriererettleiing på ungdomstrinnet:

- Hospitering i vgs.
- Praksis i næringslivet
- Foreldrekveld i vgs.
- Elevbedrift
- Foreldrekurs
- Elevsamtalar
- Interesstestar
- Jobbsøking/CV
- Gründercamp
- Utdanningsval
- Bedriftsbesøk
- Bransjedag
- Ekskursjon
- Søkeprosess vgs
- Anna

Dei fleste av aktivitetane på ungdomstrinnet er knytte til faget utdanningsval. Utdanningsval skal bidra til å skape heilskap og samanheng i grunnopplæringa og knyte grunnskolen og vidaregåande opplæring betre saman. Faget skal leggje til rette for at elevane i størst mogleg grad vel utdanning på grunnlag av kunnskap. Å få innsikt i og praktisk prøve ut interesser, evner og anlegg vil vere viktig for dette valet.

Opplæringa skal gi elevane erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer ulike utdanningsprogram i vidaregåande opplæring og gi elevane moglegheit for praktisk aktivitet eller fordjuping. Vidare skal opplæringa tilpassast den einkilde eleven sine interesser og behov og fremje refleksjon rundt eigne utdannings- og yrkesval.

Opplæringa i Utdanningsval skal leggje til rette for bruk av ulike læringsarenaer og stimulere til samarbeid med vidaregåande skular og arbeids- og næringsliv.

Kunnskapsløftet legg opp til eit nært samarbeid mellom grunnskule og vidaregåande opplæring og lokalt arbeidsliv.

6.2 Karriererettleiing i vidaregåande skule:

- Mottakssamtale
- Foreldresamtalar
- Elevsamtalar
- Interesstest.
- Lærling-/studiedag
- Gründercamp
- Bransjesamarbeid
- Ungdomsbedrift
- Prosjekt til fordjuping
- Hosp./Arbeidspraksis
- Ekskursjonar
- Jobbsøknad/CV
- Internasjonalisering
- Søkeprosess vgo
- Søke høgare utd.

6.2.1 Aktivitet og samarbeid

Rådgjevar har hovudansvar for karriererettleiinga. Faglærarar er ein viktig ressurs som bør bistå rådgjevar i orientering om eigen fagkrets, mogelege utdanningsvegar og yrke desse opnar for.

Elevane bør få delta på ekskursjonar, slik at dei kan få eit innblikk i kva yrke ulike utdanningsvegar fører fram til. Ekskursjonane vil gje både elevar, faglærer og rådgjevar grundigare innsikt om vidare utdanning og arbeid.

Tidlegare elevar er ein viktig ressurs. Dei kan inviterast tilbake til skulen for å fortelje om livet som student/lærling, og dei kan vere med på å planleggje og gjennomføre ekskursjonar.

Prosjekt til fordjuping gir elevane erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer dei ulike yrka innan utdanningsprogramma.

Arbeidspraksis/hospitering er viktig erfaring for eleven i arbeidet med vidare val.

7.0 Mapper

7.1 Karrieremappe

Denne mappa skal eleven sjølv ha ansvar for å halde oppdatert. Mappa er eleven sin personlege eigedom. Den kan vere elektronisk og/eller i papirformat.

Forslag til innhald:

- dokumentasjon på kompetansen til eleven
- arbeid med refleksjonsoppgåver knytte til val av utdanning og yrke (jfr. *Framtida mi*)
- refleksjon over arbeid med yrkes- og interessedestertar
- dokumentasjon av arbeid med *Utdanningsval* og *Prosjekt til fordjuping*
- dokumentasjon av refleksjon over arbeid med lokalt arbeids- og næringsliv og entreprenørskap
- oppsummering av mottaks- og karrieresamtaler
- arbeid med søkjeopprosess til vidaregåande opplæring, opplæring i bedrift, høgare utdanning etc. – vurdering og prioritering av ulike alternativ

7.2 Presentasjonsmappe (vedlegg)

Presentasjonsmappa skal innehalde eit kort utdrag av karrieremappa. I presentasjonsmappa er det nyttig informasjon om egne erfaringar/kunnskapar om mogelege karriereval. Mappa vil vere til stor nytte for eleven og dei som skal ta imot/ arbeide saman med eleven og gi eit betre grunnlag for å kunne:

- førebu seg til mottakssamtalen
- bli kjend med eleven
- bygge vidare på erfaringane eleven har gjort

8.0 Nyttige hjelpemiddel

8.1 Framtida mi

Framtida mi er eit arbeidshefte for elevar på ungdomstrinnet. Dette er eit hjelpemiddel i karriererettleinga som gjer eleven medviten på viktige karriereval. Heftet har eksempel som gjer det relevant for bruk i forskjellige fag som samfunnsfag, norsk og matematikk. Det består av ein del for 8., éin for 9. og éin for 10. trinn. Eit tipshefte til lærar følgjer også med.

8.2 Digitale verktøy

På ungdomstrinnet og i vidaregåande skule er det fleire digitale verktøy som er i bruk/til utprøving, bla www.skoledata.no, www.karrierepermen.no, www.utv-pakken.no og Fronter. I tillegg til desse er www.jeg.vilbli.no under utprøving i nokre fylke. Ein tek sikte på ei avklaring om kva verktøy skulane i fylket skal/bør nytte i løpet av skuleåret 2010/2011.

8.3 Handbok for karrieresamtalen

Det er utarbeidd ei handbok "Handbok for karrieresamtalen". Ho er tenkt brukt både i grunnskolen og vidaregåande opplæring. Handboka er eit godt hjelpemiddel for gjennomføring av karrieresamtalen. Mal for mottakssamtalen er og innteken i handboka.

8.4 REAL (Ruralt Entreprenørskap gjennom Aktiv Læring).

REAL er eit læringsverktøy som står i ein aktivitetspedagogisk tradisjon og byggjer på John Dewey sitt *credo; learning by doing* eller *lære gjennom å gjere*. Her vekslar ein mellom korte oversiktsførelesingar, praktiske øvingar og erfaringsutveksling. Materialet er opphavleg amerikansk og er omsett til norsk og tilpassa norske forhold av Offerdal og Rogne i samarbeid med fleire lærarar og skular i fylket. (Kjelde: Driftig.no)

8.5 Interesse – og ferdigheitstestar

Det er viktig å ha klart føre seg at interesse- og ferdigheitstestar ikkje løyser spørsmålet om yrkes- og karriereval, men berre er ein prosess-startar.

8.5.1 Skoletest.no

Skoletest.no er eit testprogram for vidaregåande opplæring og høgskole. Det har som føremål å starte tankeprosessar omkring vidare utdanning. Programmet lagar ein profil som viser til relevant utdanning. Profilen bør takast med til karrieresamtalen og danne grunnlag for arbeidet med eleven sin karriereplan.

Skoletesten krev brukarnamn og passord. Det får ein ved å kontakte skulen.

8.5.2 Vilbli.no

Denne testen er berekna på elevar som skal søkje vidaregåande opplæring og har behov for å få systematisert interessene sine. Testen består av sju sider med tolv spørsmål på kvar side. Spørsmåla gir eksempel på ulike aktivitetar. Kvar aktivitet indikerer kor interessert eleven er i å ta utdanning og få eit yrke som har denne aktiviteten. Spontane svar gir det beste resultatet. Testen er gratis og finst på www.vilbli.no.

8.5.3 NAV Interesstest

Denne testen er best eigna for dei som har behov for å reflektere over og få systematisert interessene sine. Den består av 120 spørsmål med fire svaralternativ. Viss du svarer mest mogeleg spontant, får du det beste resultatet. Interessene er delte inn i 15 kategoriar. For kvar kategori kan du gå vidare og finne kva yrke som passar til denne. Testen gir moglegheit for refleksjon og systematisering av interesser. Testen er gratis, og du finn den her: www.nav.no/VeiledningWeb/interesstest.do

8.5.4 NAV Vegval

Denne testen består av tre separate deler:

- Ferdigheitsdelen: kartlegg kva du sjølv meiner du er flink til å gjere.
- Interessedelen: kartlegg dine interesser
- Verdidelen: hjelper deg med å finne ut av kva som er viktig for deg i yrkeslivet, om du ynskjer å gjere karriere, om du søkjer tryggleik, osv

For kvar del får du ein profil med ein utdjupande tekst. Testane er gratis og finst her: <http://www.nav.no/VeiledningWeb/veivalg.do?testType=yrkesinteresser>.

9.0 Samarbeid og nettverk

Det er behov for gode samarbeidsrutinar mellom dei ulike aktørane og nettverka. Målet er å gi eleven best mogleg rettleiing slik at ein hindrar feilval.

9.1 Samarbeidspartar:

9.1.1 Lokalt arbeidsliv

Lokalt arbeidsliv vil vere ein sentral samarbeidspartnar i gjennomføringa av faga Utdanningsval og Prosjekt til fordjuping. Ein bør formalisere dette gjennom å teikne partnerskapsavtalar mellom skule og bedrift.

9.1.2 Ungt entreprenørskap/ NHO

Ungt entreprenørskap er ein serviceorganisasjon som tilbyr fagleg og pedagogisk kompetanse omkring oppstart, drift og avvikling av eiga bedrift. Opplæringa skal mellom anna fremje kreativitet og lokalsamfunnskunnskap og leggje grunnlag for framtidig verdiskaping og livslang læring. Ungt entreprenørskap kan tilby følgjande program:

Grunnskule:

- | | | |
|---------------------------------|--------------|-------------|
| • Vårt lokalsamfunn | 6 skuletimar | 4 klasse |
| • Smart | 6 skuletimar | 5 klasse |
| • Gründercamp | 1-5 dagar | 8-10 klasse |
| • Jobbskygging | 1-5 dagar | 8-10 klasse |
| • Elevbedrift | | 8-10 klasse |
| • Økonomi og karriererettleiing | 6 skuletimar | 9 klasse |

Vidaregåande skule:

- | | |
|--------------------------|---------|
| • Ungdomsbedrift | vg1/vg3 |
| • Frå utdanning til jobb | vg2/vg3 |

Ein finn meir om programma til Ungt entreprenørskap på <http://sogn-og-fjordane.ue.no>

Alle desse programma legg opp til samarbeid med lokalt næringsliv, og det er å anbefale at skulen inngår **partnerskapsavtale** med lokale bedrifter for å sikre best mogleg kvalitet på undervisninga.

Kontaktpunkt: <http://sogn-og-fjordane.ue.no>

9.1.3 Opplæringskontor, opplæringsringar og bedrifter i fylket.

Opplæringskontora er eigd av næringslivet og har som oppgåve å kvalitetssikre opplæring av lærlingar og å gjennomføre undervisning i restteori og læremål som er vanskelege å få til på kvar einskild arbeidsplass. Det er opplæringskontoret som skriv opplæringskontrakt med lærlingen/lærekandidaten på vegner av den aktuelle lærebedrifta der lærlingen/lærekandidaten har si praktiske opplæring.

Opplæringskontora er bransjeorienterte, sjå www.oksu.no, der finn du adressa til dei aktuelle kontora og kvar fagområde dei har læreplassar innan!

Om ikkje opplæringskontoret har høve til å kome til skulen for å gje informasjon om bransjen, kan dei hjelpe til med å formidle kontakt med medlemsbedrift i skulen sitt nærområde. Representant frå bedrifta kan gje nødvendig bransjeinformasjon.

Bedrifta kan knytast opp til skulen som partnerskapsbedrift, eller den kan vere besøksbedrift for elevlar som ønskjer djupare forståing for den aktuelle bransjen.

Følg lenka under og finn meir informasjon om og kontaktperson ved det enkelte opplæringskontor!

[Opplæringskontor for Elektrofag \(OFEL\)](#)

[Opplæringskontoret for Bygg- og Anleggsteknikk \(BYGGOPP\)](#)

[Opplæringskontoret for anleggs- og bergfagene \(OKAB\)](#)

[Bilbransjens Opplæringskontor AS \(BOK\)](#)

[Opplæringskontoret for offentlig sektor \(OKOS\)](#)

[Opplæringskontoret for Hotell- og Næringsmiddelfag \(OKHN\)](#)

[Opplæringskontoret for Transport- og Terminalfag \(OTTF\)](#)

[Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfaget \(OKFH\)](#)

[Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri \(PRO\)](#)

[Byggmestrenes Servicekontor as Avdeling Sogn og Fjordane](#)

Ein del fag har organisert opplæringa som opplæringsringar (td Trearbeidsringen Nordfjord) eller som enkelt bedrifter. For å finne meir informasjon om og kontaktpersonar ved den enkelte opplæringsring eller bedrift, bruk linken under og klikk deretter på bedrifter.

[Lærebedrifter i Sogn og Fjordane](#)

9.1.4 Fagopplæring

Formidlingsprosessen fram mot lærekontrakt

Søknadsfrist til vidaregåande opplæring i bedrift (læreplass) er 1. mars. (1. februar for dei som søker særskilt tilrettelagt opplæring). Fylkeskommunen startar formidlinga av søkjarar ut til aktuelle bedrifter straks etter at søknadsfristen er ute. Det er eit klart mål at søkarane skal få gjort avtale om læreplass så snart som råd, og helst før sommarferien. Det er viktig at opplæringsavdelinga får melding når avtale om læreplass er inngått.

Det er svært viktig at skulen formidlar kva som møter elevane når dei kjem ut i bedrift. Skulane kan gjerne invitere inn bedrifter/opplæringskontor slik, at dei kan informere om kva krav næringslivet stiller. Knyt gjerne kontakt med lærlingar eller

tidlegare lærlingar som ein kjenner, slik at dei kan informere om korleis det er å vere lærling.

Rådgjevar og kontaktlærer/faglærer vil kunne gje råd og rettleiing om opplæring i bedrift. Ein kan også vende seg til opplæringsavdelinga sine regionkontor på Eid, Førde eller Hafslo om ein ynskjer råd og bistand.

Det er og viktig at elevane får god opplæring i å skrive gode søknader og CV, samt at dei får trening på intervjusituasjonar.

Aktiv bruk av prosjekt til fordjuping gjennom skuleåret er viktig med tanke på formidlingsprosessen. Det er ofte gjennom utplassering at bedriftene bestemmer seg for kven dei skal skrive lærekontrakt/opplæringskontrakt med.

Det er viktig at søkjarane sjølve er aktive i formidlingsprosessen. Dei kan gjerne oppsøke bedrifter direkte for å levere sin søknad om læreplass.

Lærekandidat

Ein lærekandidat har inngår opplæringskontrakt med lærebedrift, med sikte på ei mindre omfattande prøve enn fag- eller sveineprøve.

Ein lærekandidat skal ha individuelt tilpassa opplæringsplan, der måla byggjer på Vg3-læreplanen i faget. Før opplæringskontrakt kan godkjennast, må opplæringsplanen vere godkjend av fylkeskommunen sine regionkontor. Opplæringskontrakt er likestilt med lærekontrakt, og følgjer i hovudsak 2+2-modellen. Skilnaden er læreplanen/opplæringsplanen, der det ikkje er krav om bestått teori. Lærekandidaten går opp til kompetanseprøve og får kompetansebevis.

Kompetanseprøva er ei prøve der lærekandidaten vert prøvd i dei kompetansemåla som er fastsette i opplæringsplanen.

Kompetansebeviset skal vise kva opplæring lærekandidaten har hatt, og korleis opplæringa er vurdert.

Dersom ting endrar seg i løpet av læretida, kan ein opplæringskontrakt gjerast om til lærekontrakt. Då kjem det krav om bestått teori, både i programfag og fellesfag.

Også elevar som tek sikte på lærekandidatordninga, må få prøve seg ut i aktuelle bedrifter gjennom prosjekt til fordjuping, både på Vg1 og Vg2. Det er også viktig for den vidare formidlingsprosessen av lærekandidatar at framlegg til aktuell lærebedrift går fram av søknaden (1. februar) Dei vidaregåande skulane, i tett samarbeid med opplæringsavdelinga, NAV og PPT, spelar ei viktig rolle i formidlinga av lærekandidatar.

Opplæringsavdelinga har ein eigen kontaktperson som informerar om ordninga og hjelper skulane med desse sakene.

Opplæringsavdelinga sine regionkontor overtek når opplæringsplan/-kontrakt skal godkjennast, og dei har det vidare ansvaret for oppfølging av lærekandidaten ute i bedrift.

Informasjon om opplæring i bedrift finn ein også på heimesida til fylkeskommunen www.sfj.no opplæring og opplæring i bedrift eller [Opplæring i bedrift](#)

9.1.5 Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT)

For den gruppa elevar PPT særleg arbeider med, er det viktig å sjå karriererettleiinga i samanheng med eit heilskapleg opplegg for eleven. I karriererettleiinga vil det vere naudsynt med eit samarbeid mellom skuleverket, NAV arbeid og NAV sosialteneste, helsetenesta og PPT.

Hovudansvaret for karriererettleiinga må liggje hjå skulen. Det samarbeidet som har kome i gang mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen, ser vi som viktig. God dialog med elev og føresette og styrking av kontaktlærer si rolle er viktig. Det er i fleire elevsaker behov for eit tidlegare samarbeid mellom den vidaregåande skulen og fagopplæringa. I rettleiingsarbeidet er det behov for å kunne gjere bruk av kompetansen innan NAV arbeid tidlegare enn no.

9.1.6 Oppfølgingstenesta (OT)

Oppfølgingstenesta skal hjelpe med rettleiing og oppfølging av ungdom som vel å ikkje starte opp vidaregåande opplæring eller som avbryt vidaregåande opplæring. OT for den kommunen eleven er heimhøyrende i, må kontaktast i forkant av avbrot. På den måten kan ein arbeide førebyggjande og eventuelt hindre avbrotet eller få ein god overgang mellom skule og OT.

Oppfølgingstenesta er for dei som:

- ikkje har søkt skule- eller læreplass i vidaregåande opplæring.
- ikkje tek i mot skule- eller læreplass
- sluttar på skulen i løpet av skuleåret eller avbryt lærekontrakt

Kva kan oppfølgingstenesta gjere?

- I samarbeid med vidaregåande skular og NAV kan OT gi råd om opplæring/arbeid.

OT kan mellom anna hjelpe til med:

- Praksisplass
- Ordinær skuleplass
- Delkursplass
- Plass på ulike kurs
- Kombinasjon skule/arbeid

Dersom det er behov for hjelp frå OT, kan ein gjennom heile skuleåret kontakte OT i eigen region.

Kontaktpunkt: www.sfj.no. Der ligg og oversikt over alle [OT-koordinatorane](#).

9.2 Nettverk

9.2.1 Rådgjevarenettverket:

Det er nettverk for rådgjevarar i grunnskule og vidaregåande skule. Nettverket fungerer på tvers av skuleslaga (ungd.trinnet/vgs) og møtest to gongar i året. Ansvar for innkalling og møteavvikling har gått på omgang mellom dei ulike skulane/kommunane. Oppgåva til rådgjevarenettverket er erfaringsutveksling på tema knytte til blant anna yrkes- og utdanningsrådgjeving, bl.a hospitering, overgang ungdomstrinn/vgs.

9.2.2 Vg3 nettverk:

Vg3 nettverk er nettverk mellom bedrift og vgs (opplæringskontor/lærebedrifter og faglærarar). Nettverket skal sjå heile fagopplæringa i samanheng (vg1-vg2-vg3). Nettverka skal vidareutvikle samarbeidet mellom skule og bedrift innan kvart fagområde, og styrkje kvaliteten på den vidaregåande opplæringa.

Kontaktpunkt: Opplæringskontor/dei vidaregåande skulane.

9.2.3 Nettverk for overgang vg2 og vg3 YF:

Dette nettverket er tenkt etablert skuleåret 2010/2011. Regionskoordinator er ansvarleg for møteinnkalling og oppstart for dette nettverket.

Arbeidsoppgåvene vert formidling/oppfølging av elevar/læringar i overgang mellom vg2 og vg3 (opplæring i bedrift).

Arbeidslivskontaktane, rådgjevar vgs, faglærarar, OT, PPT, fagopplæring, NAV og opplæringskontor/lærebedrifter deltek.

10.0 Yrkes- og utdanningsinformasjon på nett

Det finst mange gode og relevante kjelder til informasjon om yrke og utdanning på Internett. Nedanfor ser du nokre nettstader vi rår elevar og andre som arbeider med karriererettleiing å sjå nærare på.

www.vilbli.no

www.velgyrkesfag.no

www.jobbfeber.no

www.utdanning.no

www.yols.no

www.mittvalg.no

www.ped.lex.no

www.samordnaopptak.no

www.velgriktig.no

www.ikkeforalle.no

www.ue.no

www.nav.no

www.ansa.no

www.framtidsfylket.no

www.sonor.no

11.0 Årsplanar

Med utgangspunkt i dei vedlagte årsplanane skal kvar skule lage lokale planar for å sikre eleven si karriererettleiing.

Vi har her sett opp forslag/ råd om kva som bør vere med i årshjul/årsplan.

Årsplan for karriererettleiing 8. trinn

K = karrieremappe










Ansvarleg = forslag – avklare lokalt på den einskilde skule

Når	Tiltak	Ansvarleg	K
Haust	Foreldremøte	Rådgjevar og kontaktlærer	
	Informasjon om faget <i>Utdanningsval</i>	Kontaktlærer/faglærer	
	Karrieremappe Innføring og oppstart. Oppretting digital mappe i Fronter eller tilsvarende LMS.	Kontaktlærer/faglærer	
	<i>Framtida mi / Real-øvingar</i> Del 1: Kven er du?	Kontaktlærer/faglærer	
	Kort innføring i utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring	Rådgjevar	
	Skoletest.no eller tilsvarende Sjå samanheng med utdanningsprogram og fritidsinteresser	Kontaktlærer / faglærer	
	Bli kjent med viktige nettsider www.vilbli.no , www.utdanning.no , www.jobbfeber.no	Kontaktlærer/faglærer	
	Elevsamtale / utviklingssamtale	Kontaktlærer	
Vår	<i>Framtida mi / Real-øvingar</i> Del 2: Alternativ i arbeidslivet	Kontaktlærer	
	Bedriftsbesøk Besøke aktuelle bedrifter / arbeidsplassar i nærmiljø/region. Refleksjon.	Faglærer	
	Jobbskygging / Rapport Elevane er med ein av foreldra på jobb for å observere.	Kontaktlærer	
	Elevsamtale / utviklingssamtale	Kontaktlærer	

Årsplan for karriererettleiing 9. trinn

K = karrieremappe

Ansvarleg = forslag – avklare lokalt på den ein skilde skule

Når	Tiltak	Ansvarleg	K
Haust	Framtida mi /Real-øvingar Del 1: Draumeyrket	Kontaktlærer	
	Elevbedrift – oppstart Oppstart med gründercamp eller liknande i samarbeid med UE ¹	UE, kontaktlærer og faglærer	
	Skoletest.no eller liknande Samanlikne med test frå 8.trinn	Kontaktlærer	
	Strukturen i vidaregåande opplæring Ulike utdanningsprogram og programfag, sjå vilbli.no	Rådgjevar	
	Hospitering på eit utdanningsprogram i vidaregåande skule Lage rapport. Refleksjon	Rådgjevar / kontaktlærer	
	Arbeidsveke Bør vere innan same programområde som hospiteringa. Rapport	Rådgjevar og kontaktlærer	
	Elevsamtale/utviklingssamtale	Kontaktlærer	
Vår	Framtida mi / Real-øvingar Del 2: Interesser og verdier	Kontaktlærer	
	Elevbedrift – gjennomføring og avvikling	Faglærer / kontaktlærer	
	Elevsamtale/utviklingssamtale	Kontaktlærer	

¹ Ungt Entreprenørskap, <http://www.ue.no>

Årsplan for karriererettleiing 10. trinn

K = karrieremappe












Ansvarleg = forslag – avklare lokalt på den ein skilde skule

Når	Tiltak	Ansvarleg	K
Haust	Foreldremøte – Info/kurs om vidaregåande opplæring Vidaregåande skule blir invitert ved behov	Rådgjevar	
	Skoletest.no eller tilsvarande Samanlikne med tidlegare resultat. Refleksjon	Rådgjevar og kontaktlærer	
	Framtida mi / Real-øvingar Del 1: Interessetesting	Kontaktlærer	
	Struktur i vidaregåande opplæring Gjennomgang av dei ulike utdanningsprogramma	Rådgjevar	
	Hospitering på eit utdanningsprogram i vidaregåande skule Lage rapport. Refleksjon	Rådgjevar / kontaktlærer	
	”Open skule” på vidaregåande skule med foreldremøte om kvelden	Rådgjevar	
	Framtida mi / Real-øvingar Del 2: Jobbsøking	Kontaktlærer	
	Elevsamtale/utviklingssamtale	Kontaktlærer	
	Individuell karrieresamtale	Rådgjevar	
Vår	Eventuell hospitering For elevar som er usikre på vala sine	Rådgjevar	
	Elevsamtale/utviklingssamtale	Kontaktlærer	
	Søkje vidaregåande opplæring på www.vigo.no Legge kopi av søknaden i mappa	Rådgjevar	
	Ferdigstille karrieremappa	Elev / faglærer	
	Karriereplan Skal ligge fremst i karrieremappa	Elev / faglærer	

Årsplan for karriererettleiing for Vg1 – yrkesfag utdanningsprogram

K = karrieremappe













Ansvarleg = forslag – avklare lokalt på kvar skule

Når	Tiltak		Ansvarleg	K
Haust	Mottakarsamtale Eleven har med seg presentasjonsmappa frå ungdomsskulen	Prosjekt til fordjuping Utprøving og erfaring med fordjupingsfag Ungdomsbedrift	Elev og kontaktlærer	
	Orientering om Prosjekt til fordjuping (PTF) Gjennomgang av yrkes- og utdanningsmulegheiter		Faglærer i PTF	
	Læreplan i Prosjekt til fordjuping Val av utdanningsprogram VG2 fordjuping VG3 Eleven sin læreplan		Faglærer i PTF	
Elevsamtale med oppfølging av karriereplan Oppsummeringen settes inn i karrieremappa	Elev, faglærer i PTF, kontaktlærer og rådgjevar			
Haust/Vår	Interesstestar Profråd, skoletest.no og veivalg.no		Kontaktlærer, faglærer i PTF og rådgivar	
Haust	Foreldremøte		Leiing, kontaktlærer, og rådgjevar	
Januar/ februar	Bedrifter inn i skulen. Arbeidspraksis i bedrift eller på anna vidaregåande skule.		Kontaktlærer/ faglærer i PTF og arbeidslivskontakt	
1.februar/ 1.mars	Søkjeprosess vidaregåande opplæring Kopi av søknaden vert lagra i karrieremappa		Kontaktlærer og rådgjevar	
Innan 1.mai	Skrive ferdig Eleven sin læreplan		Faglærer i PTF	
Mai	Gjere ferdig Presentasjonsmappa		Elev	
Innan 1.juni	Sluttvurdering/sjekk av arbeid i presentasjons- og karrieremappa	Elev, kontaktlærer og faglærer i PTF		

Årsplan for karriererettleiing for Vg2 – yrkesfag utdanningsprogram

K = karrieremappe







Ansvarleg = forslag – avklare lokalt på kvar skule

Når	Tiltak		Ansvarleg	K
Haust	Mottakarsamtale Eleven har med seg presentasjonsmappa frå vg1	Prosjekt til fordjuping Opplæring i og erfaring med arbeidsoppgåver og arbeidsmåtar innan valt fordjuping Opplæring i skule, ungdomsbedrift/ internasjonale prosjekt og arbeidspraksis i bedrift	Elev og kontaktlærer	
Haust	Orientering om Prosjekt til fordjuping (PTF) Lokal læreplan i PTF Fordjuping VG2 / VG3 Samarbeid med lokale/regionale relevante opplæringsbedrifter, VG3 nettverk		Kontaktlærer, Faglærer PTF og arbeidslivskontakt	
Haust	Elevsamtale med oppfølging av karriereplan Oppsummeringen settes inn i karrieremappa		Elev, faglærer i PTF, kontaktlærer og rådgjevar	
Haust	Foreldremøte		Leiing, kontaktlærer, og rådgjevar	
Haust/vår	Orientering om yrke og utdanning, Fagskular, høgskular/universitet, forsvaret etc		Rådgjevar	
Haust/ Vår	Arbeidspraksis i bedrift eller på annen vidaregåande skule.		Kontaktlærer/ faglærer i PTF og arbeidslivskontakt	
Innan haustferien	Prosjekt til fordjuping Val av lærefag /fordjuping VG3		Elev og faglærer PTF	
Januar Februar	Orientering om opplæring i bedrift Opplæringskontoret besøkjer skulen Bedrifter besøkjer skulen		Rådgjevar, arbeidslivskontakt, kontakt- og faglærer	
1.februar 1.mars	Søkeprosess vidaregåande opplæring Kopi av søknaden vert lagra i karrieremappa		Rådgjevar, kontakt- og norsklærer	
Vår	Jobbintervjuet Presentere seg sjølv Presentasjonsmappe		Faglærer i PTF, kontaktlærer og arbeidslivskontakt	
Innan 1.mai	Skrive ferdig Eleven sin læreplan		Elev	
Mai	Gjere ferdig Presentasjonsmappa (Sommarjobb, læretid og anna utdanning)		Elev	
Innan 1.juni	Sluttvurdering/sjekk av arbeid i presentasjons- og karrieremappa		Elev, kontaktlærer og faglærer i PTF	

Årsplan for karriererettleiing for Vg3 – yrkesfag utdanningsprogram (t.d. Dataelektronikk vg3)

K = karrieremappe







Ansvarleg = forslag – avklare lokalt på kvar skule

Når	Tiltak	Ansvarleg	K
Haust	Mottakarsamtale Eleven har med seg presentasjonsmappa frå vg2	Elev og kontaktlærer	
Haust	Elevsamtale med fokus på karriereplan Følgje opp elevane sine val av fag og planar for det vidare utdanningsløpet	Elev, kontaktlærer og rådgjevar	
Haust/ Vår	Bedrifter inn i skulen. Arbeidspraksis i bedrift eller på anna vidaregåande skule.	Kontaktlærer/ faglærer i PTF og arbeidslivskontakt	
Haust/Vår	Bli kjent med og besøkje bedrifter innan eige yrke	Kontaktlærer/ faglærer i PTF og arbeidslivskontakt	
Vår	Orientering om høgare utdanning Bli kjent med tilbod og muligheiter innan høgskole- og universitetssystemet	Kontaktlærer og rådgjevar	
Vår	Søkje læreplass	Elev, kontaktlærer og rådgjevar	

Årsplan for karriererettleiing for Vg1 – studieførebuande utdanningsprogram

K = karrieremappe





Ansvarleg = forslag – avklare lokalt på kvar skule

Når	Tiltak	Ansvarleg	K
Haust	Startsamtale Eleven har med seg presentasjonsmappa frå ungdomsskulen	Elev og kontaktlærer	
Haust	Val av framandspråk og praktisk eller teoretisk matematikk	Leiing og faglærarar	
Haust	Foreldremøte	Leiing, kontaktlærer og rådgjevar	
Haust	Elevsamtale med oppfølging av karriereplan Oppsummeringa vert lagra i karrieremappa	Elev og kontaktlærer	
Haust/Vår	Ta interestetestar Nyttig hjelpemiddel for betre å kunne gjere rette fagval.	Elev og rådgjevar	
Vår	Informasjon om og val av programområde og –fag, studiespesialisering vg2 Samle informasjon om aktuelle fag.	Leiing, rådgjevar og faglærarar	
Vår	Foreldremøte (før fagval) Informasjon om fagval	Leiing og rådgjevar	
Vår	Elevane søker nytt skoleår på Vigo.no Kopi av søknaden vert lagra i karrieremappa	Elev og kontaktlærer	
Vår	Karrieremappa Oppdatere mappa (CV, fritidsinteresser, verv, osv)	Elev	

Årsplan for karriererettleiing for Vg2 – studieførebuande utdanningsprogram

K = karrieremappe

Ansvarleg = forslag – avklare lokalt på kvar skule

Når	Tiltak	Ansvarleg	K
Haust	Mottakarsamtale Eleven har med seg presentasjonsmappa frå vg1	Elev, kontaktlærer	
Haust	Elevsamtale med fokus på karriereplan Følgje opp elevane sine val av fag og planar for det vidare utdanningsløpet	Elev, kontaktlærer	
Haust	Foreldremøte	Leiing, kontaktlærer og rådgjevar	
Haust/vår	Informasjon om yrke og utdanning Informasjon om høgare utdanning, besøkje bedrifter, studieturar, ekskursjonar m.m. Elevane gjer seg kjende med nettstadene for vidaregåande opplæring, høgare utdanning og for yrke og utdanning.	Elev, kontaktlærer og rådgjevar	
Vår	Karrieresamtale	Elev, rådgjevar og kontaktlærer	
Vår	Elevane søker nytt skoleår på Vigo.no Kopi av søknaden vert lagra i karrieremappa	Elev, kontaktlærer	
Vår	Karrieremappa Oppdatere mappa (CV, fritidsinteresser, verv, osv)	Elev	

Årsplan for karriererettleiing for Vg3 – studieførebuande utdanningsprogram

K = karrieremappe

Ansvarleg = forslag – avklare lokalt på kvar skule

Når	Tiltak	Ansvarleg	K
Haust	Mottakarsamtale Eleven har med seg presentasjonsmappa frå vg2	Elev og kontaktlærer	
Haust	Elevsamtale med fokus på karriereplan Følgje opp elevane sine val av fag og planar for det vidare utdanningsløpet	Elev, kontaktlærer og rådgjevar	
Vinter	Ta interessetestar i forhold til høgare utdanning Profråd, skoletest.no eller veivalg.no	Elev, kontaktlærer og rådgjevar	
Vinter	Informasjon om høgare utdanning Besøk frå og på høgskular og universitet, Forsvaret og andre utdanningsinstitusjonar	Rådgjevar	
Vår	Informasjon om Samordnaopptak.no Bli kjent med nettstad, søkerutinar og søkjarhandboka	Rådgjevar	
Vår	Karrieresamtale	Elev, rådgjevar og kontaktlærer	
Vår	Ekskursjonar, besøkje universitet/høgskular	Rådgjevar, kontaktlærer og faglærer	
Vår	Søkje vidare utdanning Nytte www.samordnaopptak.no eller www.folkehogskole.no	Elev og rådgjevar	
Vår	Karrieremappa Oppdatere mappa (CV, fritidsinteresser, verv, osv)	Elev	